

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 08.09.2011 kl 10:30 – 19.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 058/11 - 067/11

Innkalling til møtet var sendt ut den: 31.08.2011

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal, vara	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Liv Oda Dale	Wenke Fredheim Ekren Gjekk kl. 16.00	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Dina Merete K. Dyrhovden		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Frode Haugsvær, vara
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Erlend Kvamsdal	Leila Torsvik Andvik

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss
Rådgjevar Alf Strand
Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Vedtaksprotokoll frå møte i Fast utval for plansaker den 29.08.2011
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	

Ordfører Håkon Matre orienterte om dagens møte og nokre av dei planlagde møta utover hausten.

22. september vert det møte i formannskapet, kraftfondsstyret og fast utval for plansaker.

29. september vert det møte i kommunestyret der kommuneplanen vil bli vedteken for utlegging til offentleg ettersyn.

25. oktober vert det konstituerande kommunestyremøte. Då skal både det gamle kommunestyret og dei nyvalde møta.

Ordfører ynskte Svein Helge Hofslundsengen velkommen som ny rådmann. Han takka og Lovisa Midtbø for jobben ho har gjort som rådmann i 16 år. Midtbø skal no jobba som spesialrådgjevar ut året.

Ordfører kunngjorde at kl. 14.00 ville Magne Sleire koma og syna filmen han har laga om Fiskarbonden.

Innkallinga vart godkjent.

Ordfører Håkon Matre orienterte om at handsaming av kommuneplanen vil bli teke tilslutt.

Sakslista vart godkjent.

Ordfører Håkon Matre gjorde framlegg om Marit Steinestø og Ragnvald Tangedal til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
058/11	11/538	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
059/11	10/855	Skuleskyss for elevane på Bauge	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
060/11	10/855	Skuleskyss for elevar frå Mollandseid og Skjelsundet	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
061/11	10/855	Skuleskyss for elevane på Nymark	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
062/11	11/347	Matpengar i barnehagane	13
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
063/11	10/403	Tilstandsrapport grunnskulen - kommunale mål	16
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
064/11	06/494	Jordmortenesta i interkommunal vaktordning	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
065/11	07/589	Nordhordland legevakt - deltaking Gulen kommune	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
066/11	11/525	Kommuneplan for Masfjorden 2011 - 2023	34
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
067/11	11/537	Skriv og meldingar	41

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	058/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/538
-----------	---------------------

SAK 058/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 28.06.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-058/11 VEDTAK :

Møteprotokollen frå kommunestyret den 28.06.11 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	059/11	Alf Strand

Arkiv: N-216	Arkivsaknr.: 10/855
--------------	---------------------

SAK 059/11 - SKULESKYSS FOR ELEVANE PÅ BAUGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Bauge har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Finansiering

Heimel

Skyssreglementet
Opplæringslova

KS-059/11 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Bauge har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Rådgjevar Alf Strand orienterte om skuleskyssakene. Grensa for å få busskort er 4 km.

Han sa at Skyss har vore ute og kontrollmålt. Dei har du funne at det er nokre elevar som ikkje bur langt nok vekke til å få busskort. Dei det her gjeld kjem litt under 4 km grensa. Kommunen betalar for kvar elev så det vil ikkje bety så mykje økonomisk for kommunen.

Janne Judith Sandnes, Frp, sa at det er viktig med likebehandling mellom grendene i desse sakene.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.11.2010	Sveinung Sleire og Inger Amundsen Sleire	Skuleskyss Kvamsdalen
2	U	10.11.2010	Skyss	Skuleskyss Kvamsdal - klage
3	I	11.01.2011	Hordaland fylkeskommune	Vedkomande skuleskyss frå Ytre Haugsdal til Nordbugda skule
4	I	17.02.2011	Hordaland fylkeskommune	Nytt skuleskyss system - informasjon og påmelding til kurs
5	I	11.04.2011	Hordaland fylkeskommune	Skyss til andre skoler / opplæringsarenaer enn nærskolen
6	I	26.04.2011	samferdselsutvalet Regionrådet Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
7	I	02.05.2011	Nordbygda skule v/ rektor	Søknad om skuleskyss
8	U	05.05.2011	Regionrådet Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
9	I	06.05.2011	Hordaland fylkeskommune	Skuleskyss med undertransportørar - kostnadsfordeling mellom kommunane og fylkesmannen
10	U	16.05.2011	Nordbygda skule v/ rektor	Søknad om skuleskyss

BAKGRUNN

Skyss har sendt melding til Sandnes skule om at elevane på Bauge frå skuleåret 2011-12 ikkje vil få busskort. Grunnen er at avstanden mellom heimen og skulen er kortare enn 4 km.

FAKTA

Skyss har kontrollmålt avstanden mellom Bauge og Sandnes skule til å vera 3967 m. Grensa for å få gratis skyss er 4 km for elevar i 2. klasse og over. Skyssreglementet slær fast at "avstandsgrensa på 2000 m og 4000 m er absolutt". For at elevane frå Bauge skal få busskort, må kommunen difor gjera vedtak om at dei har rett til skyss pga. særleg farleg skuleveg. Det er då kommunen som må betala skyssen. (Opplæringslova § 13-4)

VURDERING

Elevane frå Bauge har alltid hatt fri skyss, fordi avstanden mellom heim og skule på det næraste er 4 km. Rådmannen er ikkje kjend med at det nokon gong har blitt stilt spørsmål ved denne ordninga. Vegen har ikkje ein slik standard at det er tilrådeleg å la småskulelevar ferdast der til fots eller på sykkel til og frå skulen. Vegen er smal og utan lys mellom Bauge og Sandnes ferjekai. Sjølv om ikkje trafikken er svært stor, vil dei gåande møta all trafikk mellom Sandnes og Andvik.

KONKLUSJON

Kommunen vurderer det slik at vegen mellom Bauge og Sandnes skule er å sjå på som særskilt farleg skuleveg og at elevane frå Bauge framleis får følgja skulebussen til og frå skulen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	060/11	Alf Strand

Arkiv: N-216	Arkivsaknr.: 10/855
--------------	---------------------

SAK 060/11 - SKULESKYSS FOR ELEVAR FRÅ MOLLANDSEID OG SKJELSUNDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Mollandseid og Skjelsundet har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Finansiering

Heimel

KS-060/11 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Mollandseid og Skjelsundet har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	07.11.2010	Sveinung Sleire og Inger Amundsen Sleire	Skuleskyss Kvamsdalen
2	U	10.11.2010	Skyss	Skuleskyss Kvamsdal - klage
3	I	11.01.2011	Hordaland Fylkeskommune	Vedkomande skuleskyss frå Ytre Haugsdal til Nordbygda skule
4	I	17.02.2011	Hordaland fylkeskommune	Nytt skoleskyss system - informasjon og påmelding til kurs
5	I	11.04.2011	Hordaland fylkeskommune	Skyss til andre skoler / opplæringsarenaer enn nærskolen
6	I	26.04.2011	samferdselsutvalet Regionrådet Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
7	I	02.05.2011	Nordbygda skule v/ rektor	Søknad om skuleskyss
8	U	05.05.2011	Regionrådet Nordhordland	Synspunkt på skuleskyssordninga i kommunen
9	I	06.05.2011	Hordaland fylkeskommune	Skuleskyss med undertransportørar - kostnadsfordeling mellom kommunane og fylkesmannen
10	U	16.05.2011	Nordbygda skule v/ rektor	Søknad om skuleskyss

BAKGRUNN

Skyss har sendt melding til Nordbygda skule om at elevane på Mollandseid og dei i Skjelsundet som bur nærast skulen frå skuleåret 2011-12 ikkje vil få busskort. Grunnen er at avstanden mellom heimen og skulen er kortare enn 4 km.

FAKTA

Skyss har kontrollmålt avstanden mellom Mollandseidet og Nordbygda skule til å vera 2793 m. Mellom skulen og Areklettvegen 88 er det 3783 m. Grensa for å få gratis skyss er 4 km for elevar i 2. klasse og over. Skyssreglementet slær fast at "avstandsgrensa på 2000 m og 4000 m er absolutt". For at elevane det her gjeld skal få busskort, må kommunen difor gjera vedtak om at dei har rett til skyss pga. særleg farleg skuleveg.

Det er då kommunen som må betala skyssen. (Opplæringslova § 13-4)

VURDERING

Elevane det her gjeld må bruka fv 570 som skuleveg. Den har heile tida vore vurdert som særleg farleg skuleveg, pga trafikkmengda og at det manglar lys og gangveg. Rådmannen er ikkje kjend med at det nokon gong har blitt stilt spørsmål ved denne ordninga.

KONKLUSJON

Kommunen vurderer det slik at fv 570 på dei strekningane det her er snakk om, er å sjå på som særleg farleg skuleveg og at elevane det gjeld framleis får følgja skulebussen til og frå skulen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	061/11	Alf Strand

Arkiv: N-216	Arkivsaknr.: 10/855
--------------	---------------------

SAK 061/11 - SKULESKYSS FOR ELEVANE PÅ NYMARK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Nymark har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Finansiering

Heimel

Skysselementet
Opplæringslova

KS-061/11 VEDTAK :

Kommunestyret godkjenner at elevane frå Nymark har rett på fri skuleskyss då strekninga mellom heim og skule vert vurdert som særleg farleg skuleveg.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Elevane frå Nymark har hatt skyss etter vedtak gjort av rådmannen 30.05.2006. Det må gjerast nytt kommunalt vedtak for at elevane der framleis skal kunna følgja skulebussen. Grunnen er at avstanden mellom heimen og skulen er kortare enn 4 km. I følgje foreldra er det 3,3 km mellom heim og skule.

FAKTA

Grensa for å få gratis skyss er 4 km for elevar i 2. klasse og over. Skyssreglementet slær fast at "avstandsgrensa på 2000 m og 4000 m er absolutt". For at elevane det her gjeld skal få busskort, må kommunen difor gjera vedtak om at dei har rett til skyss pga. særleg farleg skuleveg.

Det er då kommunen som må betala skyssen. (Opplæringslova § 13-4)

VURDERING

Elevane det her gjeld må bruka fv 376 som skuleveg. Vegen er smal og utan lys med liten plass for mjuke trafikantar. I 2006 skriv rådmannen: "Rådmannen vurderer det slik at trafikktilhøva på vegen mellom Nymark og Nordbygda skule er slik at borna må få fri skuleskyss sjølv om avstanden mellom heimen og skulen er mindre enn 4 km." Det er ingen grunn til ei anna vurdering i dag.

KONKLUSJON

Kommunen vurderer det slik at fv 376 mellom Nymark og Hosteland er å sjå på som særleg farleg skuleveg og at elevane det gjeld difor framleis må få følgja skulebussen til og frå skulen.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	062/11	Alf Strand

Arkiv: N-211	Arkivsaknr.: 11/347
--------------	---------------------

SAK 062/11 - MATPENGAR I BARNEHAGANE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frå 1. januar 2012 aukar matpengane i dei kommunale barnehagane i Masfjorden med kr 50 til kr 250 pr. måned pr. barn.

Finansiering

Heimel

Vedtektene § 13

KS-062/11 VEDTAK:

Frå 1. januar 2012 aukar matpengane i dei kommunale barnehagane i Masfjorden med kr 50 til kr 250 pr. måned pr. barn.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	14.06.2011	Indre Masfjorden barnehage	Samarbeidsutvalet i Indre Masfjorden barnehage - referat frå møte den 07.06.11
2	I	16.06.2011	Nordbygda barnehage	Samarbeidsutvalet i Nordbygda barnehage - referat frå møte 16.06.11 i
4	I	27.06.2011	Foreldrerådet i Indre Masfjorden barnehage	Ang ettermiddagsmåltig og auke i matpengane
5	U	07.07.2011	Barnehagane	Matpengar i barnehagane - melding om vedtak

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA/ VURDERING/ KONKLUSJON

Denne saka var oppe i kommunestyret den 28/6 2011. Det vart då vedteke å utsetja saka for å få ho betre belyst.

M.a vart det spurt om kor mange måltid det er i dei ulike barnehagane. Etter samtale med styrarane kan rådmannen melda følgjande:

I Indre Masfjorden er det smørjemåltid midt på dagen, 5 dagar i veka. I Sandnes og Nordbygda er det smørjemåltid 4 dagar og varmt måltid den femte dagen. Til smørjemåltidet vert det kjøpt inn brød og pålegg. Borna får drikke til maten, anten vatn eller mjølk. I Sandnes og Nordbygda får borna òg tilbod om mjølk til frukosten.

I kvar barnehage er det òg eit fruktmåltid om ettermiddagen. I Indre Masfjorden barnehage får borna då 1 brødskeive eller 1-2 knekkebrød i tillegg til frukt. *Det er denne brødskeiva eller knekkebrødet som er det ekstra måltidet som vart innført frå august 2010.*

Nordbygda og Sandnes har varmt måltid ein gong i veka, Indre Masfjorden i gjennomsnitt ein gong annakvar veke. Det varme måltidet erstattar då smørjemåltidet den dagen.

Dei vaksne betalar like mykje i matpengar som borna. Dei må betala kaffi/te i tillegg.

I kommunestyret vart det òg spurt etter kvar det var blitt av dei matpengane som var betalt inn for mykje. Dåverande styrar i Indre Masfjorden barnehage seier at desse midlane har kome borna til nytte ved at dei er brukte til å kjøpa inn undervisnings- eller leikeutstyr.

Satsen for matpengar i barnehagane har vore uendra i alle fall sidan 2002. Foreldra betalar kr 200 pr. måned pr. barn som betaling for to måltid, frukt og mjølk dagleg. Dette utgjør kr 10 pr. dag. Matvareprisane har auka det siste året, og styrarane ser no at ein ikkje kan oppretthalda dette tilbodet utan å auka matpengane.

Utgangspunktet er at foreldra skal betala det mat, mjølk og frukt til desse måltida kostar. Dersom me skal halda fram med dei gjeldande satsane, vil kommunen subsidiera maten for borna. Det vil då føra til mindre pengar til barnehagedrifta. Rådmannen meiner at matpengane må aukast så mykje at betalinga frå foreldra dekkar utgiftene.

Spørsmålet er om ein skal auka matpengane årleg ved å leggja til auken i matvareprisane t.d. frå 1. april kvart år på same måten som barnehagesatsane, eller om ein skal leggja på satsane med ein litt større sum t.d. kvart tredje år.

Rådmannen går inn for å auka matpengane med kr 50 til kr 250 pr. måned pr. barn frå 1. januar 2012. Dette er ein ganske stor auke, men når ein tek med i reknestykket at satsane ikkje har stige dei siste 9-10 åra, meiner rådmannen at auken ikkje er urimeleg. Dagsatsen vil frå då av bli kr 12,50 pr. dag.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	063/11	Alf Strand

Arkiv: N-21	Arkivsaknr.: 10/403
-------------	---------------------

SAK 063/11 - TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN - KOMMUNALE MÅL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til dei måla som arbeidsgruppa har kome fram til og vil be om at måla vert innarbeidde i neste tilstandsrapport.

Finansiering

Heimel

Opplæringslova § 13-10

KS-063/11 VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til dei måla som arbeidsgruppa har kome fram til og vil be om at måla vert innarbeidde i neste tilstandsrapport.

Kommunestyret bed om at det blir utført ei brukarundersøking når det gjeld skule.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Saka vart drøfta.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa at han har vore med i gruppa. Gruppa la vekt på å ha ambisiøse mål slik at ein har noko å strekka seg etter.

Marit Steinestø, KrF, stilte spørsmål om læringsmiljø som var opplista i 4 punkt. Ho spurde om inneklima ville koma i andre rapportar.

Ho spurde om kva tiltak kommunestyret kunne bidra med for å nå måla?

Rådgjevar Alf Strand sa at kommunestyret kan bidra med økonomiske midlar. Det kan vera rammetimetal, men og vidareutdanning. Folketalet i Masfjorden aukar men elevtalet går ned. Det er viktig å tenkja på kva tiltak ein setja i verk for å auka elevtalet.

Frode Langhelle, H, sa det er bra at ein har sett seg gode mål og spurde kva tiltak gruppa har tenkt på for å auka elevtalet?

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa at for å auka elevtalet vil ein god skule bidra til at folk vil busetja seg i kommunen.

Wencke Ekren, H, sa at alle rapportar syner at skulane i Masfjorden er gode, men likevel er ikkje alle like nøgd med skulen. Ekren sa at ho gjennom kontrollutvalet fleire gonger har bede om å få gjennomført ei brukarundersøking som skulle gå til foreldra og spurde om ikkje kommunestyret kunne setta press på for å få utført ei slik undersøking.

Vigdis Søvik, Sp, gjorde framlegg om at kommunestyret kan be om å få utarbeidd ein forvaltningsrapport for skulane.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø, sa brukarundersøkingane som me kjører tilhøyrer eit konsept frå KS. Bedrekommune.no har brukarundersøkingar for alle type tenester. Det er ganske mykje arbeid med slike undersøkingar. Ein bør få inn ein rutine på gjennomføring av brukarundersøking i skuleverket.

Konklusjon etter drøftinga:

Kommunestyret bed om at det blir utført ei brukarundersøking til foreldra når det gjeld skule.

Røysting:

Det var 16 personar tilstades under røystinga. (Ragnvald Tangedal var ute)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	01.07.2010	Skulane	Tilstandsrapport grunnskulen - melding om vedtak
5	U	07.07.2011	Rektorane	Tilstandsrapport grunnskulen - melding om vedtak
6	U	15.08.2011	Medlemene i arbeidsgruppa	Tilstandsrapport for grunnskulen - oppnemning av arbeidsgruppe
7	U	29.08.2011	Medlemene i arbeidsgruppa	Referat frå møte - arbeidsgruppa

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Kommunestyret gjorde i møte 28.06.2011, sak 48/11, følgjande vedtak:

”Til å utarbeida felles mål for grunnskulen vert det sett ned ei arbeidsgruppe med desse medlemmene:

1 representant for elevråda

1 representant for FAU

2 representantar for dei tilsette

1 representant for rektorane

Bjørn Egil Nordland frå kommunestyret

Wenke F. Ekren frå kommunestyret

Rådgjevar for oppvekst og kultur som sekretær for arbeidsgruppa”

Gruppa har hatt eit møte, 24. august. Då møtte i tillegg til dei to frå kommunestyret og rådgjevar Alf Strand, Simen Fosse for elevråda, Kjetil Fjellby for FAU, Maud Sleire Holmaas og Erik Larsen for dei tilsette og Liv Øydis Trædal for rektorane.

Arbeidsgruppa går inn for at følgjande kommunale mål vert innarbeidde i tilstandsrapporten:

1 Elevar og undervisningspersonale

Mål 1: Auka elevtalet

Mål 2: Rammetimetall og gruppestorleik på 2009-nivå

Mål 3: Auka talet på lærarar med godkjend utdanning, også etter dei nye krava for ungdomssteget

2 Læringsmiljø

Mål 1: Talet på elevar som seier dei vert mobba, skal vera lågare enn i 2009

Mål 2: Talet på elevar som trivst på skulen, skal vera over landsgjennomsnittet

Mål 3: Talet på elevar som seier dei får god fagleg rettleiing skal vera over landsgjennomsnittet

Mål 4: Skulane skal ha rutinar som sikrar god handtering av mobbesaker

3 Læringsresultat

Mål 1: Minst 25 % av elevane oppnår å komma på dei høgaste meistringsnivåa i lesing, rekning og engelsk lesing på dei nasjonale prøvane i 5., 8. og 9. klasse

Mål 2: Masfjorden skal vera blant dei 25 beste kommunane i landet når det gjeld grunnskulepoeng

Mål 3: Godt samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakter

4 Fråfall

Mål: Alle grunnskuleelevar frå Masfjorden søker plass på vidaregåande skule rett etter grunnskulen

VURDERING/ KONKLUSJON

I gruppa var det semje om at dei kommunale måla må vera knytte til dei områda som uansett skal vera med i tilstandsrapporten, nemleg læringsresultat, læringsmiljø og fråfall. Det må ikkje vera for mange mål, og dei må vera så konkrete at det er råd å seia om me har nådd dei eller ikkje.

Rådmannen vil slutta seg til dette. Det er òg viktig at måla er realistiske samstundes som dei gjev oss noko å strekkja seg etter. Eigne kommunale mål vil gjera det meir interessant å følgja med på utviklinga i skulen, men det vil òg stilla krav til at kommunestyret er villig til å setja inn tiltak for å nå måla. Meininga med egne kommunale mål må vera at kommunestyret som skuleeigar skal få betre oversyn over utviklinga i skulen. Dersom kommunestyret sluttar seg til framlegget til vedtak, vil dei kommunale måla bli innarbeidde i den tilstandsrapporten som vert lagt fram seinare i haust.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	29.08.2011	053/11	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	08.09.2011	064/11	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-403.5, N-016	Arkivsaknr.: 06/494
-----------------------	---------------------

SAK 064/11 - JORDMORTENESTA I INTERKOMMUNAL VAKTORDNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jordmolvaktordninga vert å oppretthalde med deltakarkommunane Lindås, Radøy, Austrheim og Masfjorden med fordelinga av kostnader etter fastsett nøkkel.

Finansiering

Heimel

FS-053/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Jordmolvaktordninga vert å oppretthalde med deltakarkommunane Lindås, Radøy, Austrheim og Masfjorden med fordelinga av kostnader etter fastsett nøkkel.

Det skjedde i Formannskapet den 29.08.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om bakgrunnen for saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-064/11 VEDTAK:

Jordmørvaktordninga vert å oppretthalde med deltakarkommunane Lindås, Radøy, Austrheim og Masfjorden med fordelinga av kostnader etter fastsett nøkkel.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Frode Langhelle, H, sa at det er viktig med regionalt samarbeid. Det er beklageleg at ein kommune som Meland går ut av samarbeidet. Det er svært viktig å skapa tryggheit på denne tenesta.

Røysting:

Formannskapet si tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
14	I	30.08.2010	Lindås kommune	Budsjett 2011 - interkommunal jordmorteneste
15	U	26.01.2011	Gulen kommune	Samarbeidsavtale kjøp av jordmortenester - forlenging av avtale
16	I	08.03.2011	Meland kommune	Statleg overtaking av jordmorfølgjetenesta fører til redusert tilbod til fødande
17	I	01.04.2011	Meland kommune	Utmelding av interkommunal jordmolvakt
18	I	04.04.2011	Meland kommune	Melding om vedtak

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Bakgrunnen for saka er at Meland kommune, som var med i det interkommunale samarbeidet om jordmolvaktordninga, avvikla deltakinga frå og med 1. april 2011. Skal vaktordninga oppretthaldast vil dette føre til ein auke i kostnader for dei attverande kommunane i ordninga; Lindås, Radøy, Austrheim og Masfjorden.

Det oppsummerast at Lindås, Radøy og Meland har sidan 1980-talet samarbeidd om jordmolvaktordning. Ordninga var då lausleg organisert, med varierende deltaking frå dei ulike kommunane.

Frå og med 1. januar 2009 er vaktordninga organisert under Lindås kommune som vertskommune med eige rekneskap. Frå dette tidspunktet deltok Meland, Radøy, Austrheim, Masfjorden og Lindås i ordninga. Netto kostnader for deltakarkommunane har lagt på ca kr 800.000, der kostnadane er fordelt etter ei fast årleg deltakaravgift som er lik for alle kommunane, samt kapitalfordelte kostnader (etter innbyggjartal). Meland kommune sin årlege del har lagt på ca kr 180.000. Skal jordmolvaktordninga vidareførast utan Meland, vert ordninga dyrare for dei øvrige deltakarkommunane.

FAKTA

Det er ikkje lovkrav knytt til at kommunane skal organisere ei jordmorfølgjeteneste for fødande. Frå og med 2010 har helseføretaka eit ansvar for følgjeteneste til fødande som skal til fødeklinikk der det er 1,5 times reisetid eller meir. Helseføretaket har både det faglege og finansielle ansvaret for følgjetenesta. Med bakgrunn i dette hadde helseutvalet i regionen saman med fleire fagpersonar fleire møter med Helse Bergen i 1. kvartal 2011 for å avklare ansvarsforhold og finansiering av jordmorvaktordninga i regionen. Helse Bergen presiserte at dei ikkje vil finansiere jordmorvaktordning i regionen, men at dei likevel har eit følgjeansvar der reisetida til næraste fødeklinikk er meir enn 1,5 t. Det er opp til føretaka korleis følgjeansvaret skal løysast. Helse Bergen meiner å løyse denne beredskapen på lik linje med andre prehospitale tenester.

Jordmorvaktordninga har dei siste åra hatt opp mot 500 utrykkingar pr år, der ca 10% av desse er følgjeteneste til fødeklinikk. Dvs. at i dei fleste utrykkingar får den gravide tilsyn av jordmor som vurderer om kvinna er i aktiv fødsel eller av andre årsaker har behov for vurdering som kan hindre unødvendig transport eller transportfødslar. Dei fødande gjev tilbakemeldingar at dei opplever stor tryggleik ved å ha jordmor tilgjengeleg. Kvinneklinikken har også fleire høve rosa "Nordhordlandsmodellen". Det er ikkje andre kommunar i Hordaland som har etablert ei tilsvarande ordning.

Sidan Meland kommune avvikla deltaking i ordninga 1.4.2011, har jordmorvaktordninga ikkje gitt teneste til fødande i Meland. Nordhordland legevakt har registrert hendvingingar frå gravide/fødande frå Meland frå dette tidspunkt og til d.d. Registreringa viser 19 hendvingingar i denne perioden der dei fleste har vore i kontakt med vaktlegen på NLV. Ved eit tilfelle måtte vaktlege følgje til KK pga. fare for prehospital fødsel. Spesielt når vaktlege må rykke ut og evt. følgje til sjukehus, svekkar dette beredskapen ved legevakta.

Kostnader:

Fordeling av kostnader utan Meland kommune (2011-budsjett er lagt til grunn):

	Innbyggjarar pr 01.01.10	%-vis fordeling	kr pr kommune	Årleg avgift	Totalt
Lindås	14286	60,8 %	kr 383 040,00	kr 50 000,00	kr 433 040,00
Radøy	4825	20,7 %	kr 130 410,00	kr 50 000,00	kr 180 410,00
Austrheim	2738	11,7 %	kr 73 710,00	kr 50 000,00	kr 123 710,00
Masfjorden	1635	7,0 %	kr 44 100,00	kr 50 000,00	kr 94 100,00
	23484		kr 630 000,00	kr 200 000,00	kr 830 000,00

Endringar i heilårskostnader for deltakarkommunane etter at Meland avvikla tenesta:

Lindås: + kr 120.000
 Radøy: + kr 30.000
 Austrheim: + kr 20.000
 Masfjorden: + kr 15.000

Bruttoutgiftene med jordmorvaktordninga er ca 1,6 mill. Utgifter til løn i samband med utrykkingar utgjør ca halvparten av dei totale kostnadane og vert i hovudsak dekkja gjennom refusjonar frå Helfo (staten) basert på faktiske kostnader. Når finansieringsansvaret for følgjetenesta vert overført til helseføretaka, vil kommunane sannsynlegvis miste den statlege refusjonen, slik at ein kan risikere å måtte ta heile kostnaden med jordmorvaktordninga på sikt. Det vil sei at kommunane vil kunne få dobbelt så høge kostnader som i dag.

VURDERING

Jordmorvaktordninga i Nordhordland er eit godt tilbod til fødande. Ordninga gjev tilgang på eit vurderingspunkt lokalt med god fagleg kompetanse innan fødselshjelp. Dersom ordninga i Nordhordland blir avvikla, kan dette føre til eit større press på vaktlege ved Nordhordland legevakt og ved enkelte høve svekke beredskapen. Likevel er ansvaret for fylgjeteneste frå 1.1.2010 lagt til føretaket og det kan verke urimeleg at kommunane skal påta seg heile beredskaps- og finansieringsansvaret for vaktordninga.

Ansvarstilhøva mellom kommune og sjukehus er uavklara. Rådmannen vurderer at vi no må sikre denne tenesta og går inn for å inntil vidare ta ansvar som deltakarkommune i ordninga.

KONKLUSJON

Ordninga held fram uendra utan deltaking frå Meland kommune. Kostnadene vert fordelt på deltakarkommunane.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet			Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	08.09.2011	065/11	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016, N-403	Arkivsaknr.: 07/589
---------------------	---------------------

SAK 065/11 - NORDHORDLAND LEGEVAKT - DELTAKING GULEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Det bør etablerast ei forhandlingsnemnd som klargjer kva vilkår kommunane kan akseptere for å innlemme Gulen kommune som likeverdig deltakar i legevaktsamarbeidet i Nordhordland. Det bør her også klargjerast om deltakarkommunane er samd i etablering av forsøksordning med legevakt nord i distriktet og i tilfelle kva rammevilkår denne ordninga skal ha.

Finansiering

Heimel

KS-065/11 VEDAK:

Saka vert utsett.

Det bør etablerast ei forhandlingsnemnd som klargjer kva vilkår kommunane kan akseptere for å innlemme Gulen kommune som likeverdig deltakar i legevaktsamarbeidet i Nordhordland. Det bør her også klargjerast om deltakarkommunane er samd i etablering av forsøksordning med legevakt nord i distriktet og i tilfelle kva rammevilkår denne ordninga skal ha.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Vigdis Søvik, Sp, sa at denne saka har vore grundig drøfta i formannskapet. Bra at administrasjonen jobbar for å stilla spørsmål med det som er blitt gjort i samband med at Gulen kommune har søkt om å bli med i legevaktsamarbeidet i Nordhordland.

Frode Langhelle, H, stilte spørsmål om administrasjonen i dei andre kommunane har gjort godt nok arbeid. Her må politikarane ta styringa. Langhelle sa at me samarbeider i dag med Gulen om næring, brann, interkommunalt brannforebyggjande samarbeid og politi m.v. Kvifor skal ikkje ein då kunna samarbeida med Gulen om legevaktordninga? Ei god legevakt er ein viktig premiss for å oppretthalda levande bygder.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	I	31.05.2007	Lindås kommune	Samarbeidsavtale og delegasjon av myndigheit ved administrativ vertskommunesamarbeid
1	I	21.06.2007	Regionrådet Nordhordland IKS	Framlegg til organisering av Nordhordland legevakt - høyringsfrist 1. oktober 2007
4	U	08.11.2007	Lindås kommune	Melding om vedtak - Framlegg til organisering av Nordhordland legevakt - høyringsfrist 1. oktober 2007
5	I	29.02.2008	Lindås kommune	Delegasjon av avgjerdsmynde frå rådmannen i Masfjorden kommune som samarbeidskommune til
6	I	03.06.2008	Helsedirektoratet	Tilskot til etablering av interkommunalt legevaktsamarbeid

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Rådmannen i Lindås har oversendt utkast til saksutgreiing med alternative framlegg til vedtak. Lindås kommune og ulike interkommunale organ har handsama spørsmål om Gulen kommune skal innlemmast i Nordhordland legevakt (NLV) over lengre tid utan å konkludere slik at alle deltakarkommunane er samd i resultatet.

Gulen har ved fleire høve søkt om deltaking. Deira alternativ er å halde fram og evt styrkje samarbeidet med SSSF i Førde eller arbeide for å verte deltakar i samarbeidet i Nordhordland.

Det vanskeleggjer vurderingane at legevakt i Førde og legevakt i Knarvik fagleg sett vurderer behov for bakvakt i Gulen ulikt. Legevakt i Knarvik set dette som eit absolutt krav, medan Førde ikkje gjer det.

Saksutgreiinga under er ein noko bearbeida versjon av utkast oversendt frå Lindås. Det som er i kursiv er henta frå saksutgreiing utforma av rådmannen i Lindås.

FAKTA

Rådmannens framlegg til alternative vedtak:

Alternativ 1:

..... kommune kan dessverre ikkje støtte ein utviding av legevakta med Gulen kommune. Kostnadane ved å oppbemanne eit nytt vaktkontor i nord vert for høg.

Alternativ 2:

a) kommune sluttar seg til framlegget om styrking av Nordhordland legevakt med dei tiltaka som er nemnde i saka. Betalingsmodell II blir lagt til grunn.

b) Gulen kommune får tilbodet om å delta i legevakta. Om kommunen vel å ikkje ta imot tilbodet, vert driftsløysinga på legevakta som før inntil vidare.

Status pr. i dag for Nordhordland legevakt

Legevakta er eit samarbeid mellom dei sju kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen og har eit nedslagsfelt på vel 31 600 innbyggjarar. Fastlegane er pliktige til å delta i ordninga.

Legevakta dekker all akutt legehjelp utanom fastlegekontora si opningstid. I tillegg til at fastlegane gir akuttmedisinsk behandling til pasientar på si liste i kontortida, fungerer legevakta som ein buffer når pasientane ikkje kjem til for akuttmedisinsk behandling hos sin fastlege.

Nordhordland legevakt fungerer godt pr. i dag, men legevakta som beredskapsteneste er i ferd med å bli sprengt. Dei tre siste åra har talet på konsultasjonar auka med om lag 50%, frå vel 15 000 konsultasjonar i 2008 til vel 22 000 konsultasjonar i 2010.

Diskusjonane rundt korleis legevakta kan nyttast og bemannast i framtida sett i ljøs av samhandlingsreforma vert å kome tilbake til seinare. Her vert det arbeidd prosjektretta i regionen (via helseutvalet). Det er viktig å ikkje blande for mange faktorar inn i saka samstundes. Denne saka omhandlar deltakande kommunar i legevakta.

Eksisterande legevaktlokale er i Knarvik i Lindås kommune.

Det er behov for å styrkje bemanning på NLV uavhengig av deltaking frå Gulen.

Modell for styrking av Nordhordland legevakt, som også gir høve for at Gulen kommune kan vere med i samarbeidet

Det er viktig at Nordhordland legevakt har kapasitet til å ivareta akutthjelp funksjonen på ein slik måte at publikum føler tryggleik for at dei får den akuttmedisinske hjelpa dei treng. Samstundes må tenesta vere forsvarleg, spesielt når det haster (raud respons)

Tiltak for styrking av legevakta:

- *Ressursauke i form av ekstra lege på vakt kl. 16 – 22 alle dagar i året. Tiltaket vil innebere ei dobling av legeressursen i dette tidsrommet*
- *Ressursauke i form av ein ekstra sjukepleiarstilling kl. 16 – 22 alle dagar i året.*

Rådmannen i Lindås tilrår styrkinga av legevakta plassert i lokale nord i regionen. Det er omtala ”på legekontor i Austrheim kommune eller på nordsida av kabelferja i Masfjorden”.

Argumentasjonen for denne plasseringa er avstand til Gulen og høve til å dekke raud respons derifrå. Etter vår vurdering vil ei plassering i Austrheim ikkje ha særleg effekt i høve kortare reisetid enn etter dagens ordning med legevakt i Knarvik.

Etter vår oppfatning vil ei plassering av legevakt måtte leggjast til Masfjorden legekontor dersom dette skal ha effekt i høve reiseavstand. Alle delar av Gulen vil då ha kortare reisetid til legevakt enn i dag og i høve det å reise til Knarvik. Vi vil då kunne oppleve ein reell nærleik i høve raud respons.

Statistikken syner ellers at lege svært sjeldan rykker ut på raud respons til delar av distriktet som ligg lengst frå Knarvik i dag. For delar av distriktet vil det ta nærare ein time frå Knarvik og på raud respons vil dette vere for lenge. Denne vurderinga vil også inkludere Gulen kommune.

Erfaring frå over ti års deltaking frå Masfjorden si side er at det er 1. responder som ofte fyrst er til stade på raud respons. Dette er brannmannskap med grunnleggjande HLR kompetanse og som disponerer hjertestartar, oksygen og anna livreddande utstyr.

Deretter kjem bilambulansse på staden. I dei tilfella bilambulansse kjem frå Knarvik kan lege frå NLV delta. Bilambulansse i Gulen vil nå største del av området på under halve tida. Luftambulansse med lege vil ha langt kortare reisetid. Gulen har ikkje utvikla ordning med 1. responder. Brannvernet i Gulen og Masfjorden er no slått saman til ei eining og det er naturleg å då vurdere om denne oppgåva også skal leggjast til lokalt mannskap i beredskap.

Rådmannen i Lindås sin tilråding til deltakarkommunane:

Vilkår for Gulen kommune

Gulen kommune søker om å delta i Nordhordland legevakt, i tidsrommet kl. 1600 – 0800 på kvardagar, og helg frå kl. 1600 fredag til 0800 måndag.

Ved den valte modell vil Nordhordland legevakt kunne dekke raud respons kl. 1600 – 2200 alle dagar i veka for Gulen kommune. Utover dette daglege tidsrommet må kommunen sjølv dekke raud respons- som på nattetid, helg og høgtider.

Vurdering

Ei styrking av legevakta er naudsynt for at innbyggjarane skal oppleve tryggleik for at dei får den akuttmedisinske hjelpa dei treng, og for at tenesta skal vere forsvarleg. Ved å lokalisere dei auka lege- og sjukepleiarressursane til kontor nord i legevaktsdistriktet, vil også Gulen kommune kunne delta i legevaktsordninga. Det er imidlertid klart at det er mogeleg å styrkje legevakta i Knarvik med mindre kostnader enn alternativet vert med Gulen kommune med i løysinga.

Eit vilkår for at legevakta skal fungere på ein tilfredsstillande måte er at deltakarkommunane har tilstrekkeleg med allmennlegar med nok ledig listekapasitet til augeblikkeleg hjelp på dagtid. Kapasitet hos fastlegane er avgjerande for legevakta si kapasitet. Er kapasiteten hos fastlegane dårleg, "flyt" arbeidet som skulle vore gjort på dagtid over til legevakta på kveldstid.

Ein auke av tal fastlegar i deltakarkommunane er difor naudsynt og vil samstundes sikre fleire vaktlegar i legevaktordninga, det siste er avgjerande for legevakta.

I samband med samhandlingsreforma vil forslag til ny fastlegeforskrift bli sendt ut til høyring hausten 2011. Det er enno uvisst om denne forskrifta vil seie noko om t.d. endra rammer for listelengde og kapasitet hjå fastlegane.

Styrking av legevakta krev at det er tilstrekkeleg med legar på vakt. Eit vilkår for at Gulen kommune kan vere med i legevaktdistriktet, er sjølvsagt at også legane i denne kommunen deltar i vaktamarbeidet.

Lokalsjukehus tilknytning

Gulen kommune har i dag tilknytning til Førde lokalsjukehus. I denne saka blir eventuell endring i lokalsjukehus tilknytning ikkje teke opp.

Dette tilhøvet må i tilfelle Gulen kommune ta opp i forhold til det aktuelle regionale helseføretak, dersom kommunen blir innlemma i Nordhordland legevakt.

Ulike betalingsmodellar

To alternative betalingsmodellar for kommunane er lagt til grunn og berekna av rådmannen i Lindås:

Alternativ 1: Samtlege deltakarkommunar betalar etter fast deltakaravgift og etter folketal pr.år

Denne modellen inneber at samtlege åtte deltakarkommunar betalar ei fast deltakaravgift på f.t. kr. 263.000 og utgifter elles etter folketal. Denne betalingsmodellen er den som i dag gjeld for dei sju deltakarkommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen.

Alternativ 2: Same modell som alternativ 1, med unnatak for Gulen kommune som betalar ei ekstra årleg deltakaravgift på kr. 300.000.

Bakgrunnen for denne modellen er:

- Ei alternativ styrking er å auke legeressursane m.v. knytt til legevakta i Knarvik. Grunna stordriftsfordelar ville ei slik styrking medføre lågare meirdriftsutgifter enn alternativet med nytt kontor for legevakta på nordsida av legevaktsdistriktet.
- Viser også til Lindås formannskap sitt vedtak i sak 40/11, om ei vidare utgreiing med omsyn til m.a. økonomisk bidrag frå Gulen kommune.

Økonomiske konsekvensar

Legevaktslege stasjonert på Nordhordland legevakt i Knarvik i tidsrommet kl. 16 - 22 får ei beredskapsgodtgjering frå kommunen, som i tillegg til stykkprisrefusjon frå staten og eigendel frå kommunen utgjer legens totale godtgjering.

Legevaktslege som er stasjonert nord i legevaktsdistriktet, t.d. på legekantor i Austrheim kommune, vil i det same tidsrommet få ei fast lønn pr. time, som inklusiv kommunens sosiale utgifter vil utgjere om lag 1 000 kroner pr. time. Kommunane vil då få stykkprisrefusjon frå staten og eigendelane frå pasientane. Årsaka til at timelønn blir valt ved denne lokaliseringa, er at pasientgrunlaget venteleg blir ein del lågare i nord enn ved stasjoneringa i Knarvik.

Styrkinga av legevakta vil medføre følgjande årlege meirutgifter –utover eksisterande utgifter:

Lønnsutg. inkl. sosiale utgifter legestillingar i nord (1000 x 6 x 365)kr. = kr. 2 190 000

Lønnsutg. inkl. sosiale utgifter 1.2 sjukepleiarårsverk, ferievikar m.v. kr. 840 000

Stipulerte utgifter til leige av legekantor og utstyr, kontorutgifter, medisinske forbruksvarar, telefon, data, reiseutgifter m.v. kr. 365 000

Sum årlege meirutgifter ved styrking av legevakta kr. 3 395 000

Styrking av legevakta vil medføre følgjande stipulerte årlege meir-
inntekter i form av stykkprisrefusjon frå staten og eigendel frå pasientane kr. 750 000

Sum årlege netto meirutgifter ved styrking av legevakta - stipulert: kr. 2 645 000

Auken i netto årlege driftsutgifter på kr. 2 645 000 blir fordelt slik mellom deltakarkommunane:

Alternativ I: Driftsutgiftene blir fordelt etter fast årleg deltakaravgift og etter folketal:

(i 1 000 kroner)

Kommune	Folketal 1.1.2011	Budsjettert utgifter 2011	Auke i utgifter som følgje av styrking av legevakta	Nye årlege utgifter etter styrking av legevakta
Austrheim	2 789	979	+ 146	1 125
Fedje	587	418	+ 32	450
Lindås	14 516	3 999	+ 763	4 762
Masfjorden	1 672	691	+ 88	779
Meland	6 824	1 997	+ 355	2 352
Modalen	370	352	+ 19	371
Radøy	4 896	1 525	+ 258	1 783
Gulen	2 299	0	+ 984	984
Sum	33 953	9 961	2 645	12 606

Vi ser at auken i utgifter for den einssilde kommune varierar frå 19 000 kroner for den minste deltakarkommunen til 763 000 kroner for den største kommunen.

Gulen kommune tek i dette alternativet om lag 37% av auken i dei totale utgiftene, ved å finansiere ein styrka legevakt.

Alternativ II: Driftsutgiftene blir fordelt etter fast årleg deltakaravgift og etter folketal, med følgjande endring: Gulen betalar ein årleg ekstra deltakaravgift på kr. 300.000:

(i 1000 kroner)

Kommune	Folketal 1.1.2011	Budsjettert utgifter 2011	Auke i utgifter som følgje av styrking av legevakta	Nye årlege utgifter etter styrking av legevakta
Austrheim	2 789	979	+ 122	1 101
Fedje	587	418	+ 27	445
Lindås	14 516	3 999	+ 634	4 633
Masfjorden	1 672	691	+ 73	764
Meland	6 824	1 997	+ 295	2 292
Modalen	370	352	+ 16	368
Radøy	4 896	1 525	+ 214	1 739
Gulen	2 299	0	+ 1 264	1 264
Sum	33 953	9 961	2 645	12 606

Under dette alternativet vil auken i utgifter, eksklusiv Gulen kommune, variere frå 16 000 kroner for den minste kommunen og 634 000 kroner for den største kommunen. I dette alternativet tek Gulen kommune nærare halvparten av auken i driftsutgiftene.

Med ei slik styrking vil Nordhordland legevakt:

- *Leggje til rette for at innbyggjarane skal kunne oppleve tryggleik for at dei får den akuttmedisinske hjelpa dei treng*
- *Halde fram med ei forsvarleg teneste*
- *Kunne innlemme Gulen kommune i legevaktssamarbeidet.*

Oppsummering av tiltak

Nordhordland legevakt blir styrka med:

- *Nye legeressursar kl. 16 – 22 alle dagar i året, som inneber ei fordobling av legeressursar på legevakta, i denne tida, i forhold til eksisterande drift*
- *Nye 1.2 sjukepleiarårsverk kl. 16 – 22 alle dagar i året.*

Tiltaket forutset m.a. at:

- *Lokaliseringa av det nye legekantoret blir lagt nord i legevaktsdistriktet, t.d. i Austrheim kommune eller nordom fjorden*
- *Leige av kontor og utstyr m.v.*
- *Også allmennlegane i Gulen kommune deltek i ordninga*

Tiltaket blir å evaluere, m.a. ved avvikshendingar og brukarundersøkingar – første gong etter eit års drift.

VURDERING

Rådmannen i Masfjorden ser at terskel for å tre inn i samarbeidet er satt høgt når det gjeld Gulen.

- det vert gjeve tilbod om deltaking kvar dagar 1600 – 2200 dvs 6 timar dagleg -30 timar veke
- Ut frå folkeauken og presset på legevakta i Knarvik, må truleg NLV styrkjast uavhengig av Gulen. I den føreslegne modellen Gulen må betale 37 % eller opp mot 50 % av denne styrkinga som begrensa medlem.
- Dei andre kommunane har inkludert i betalinga å kunne nytte NLV også som daglegevakt ved ferieavvikling, sjukefråvær osv.
- Behov for utrykning til Gulen av lege vil samanlikna med andre kommunar kunne liggje på om lag 5- 10 ganger pr år. Delar av det eksisterande legevaktdistriktet har allereie reisetid på kring ein time (og over) frå NLV i Knarvik. Det er i utgangspunktet ikkje realistisk å tenkje utrykning på raud respons til delar av distriktet av lege frå Knarvik.

Det er vår oppfatning at samarbeid kring legevakt må basera seg på likeverd og at kost/nytte må vere likeverdig fordelt mellom kommunane.

Lindås kommune og legevaktsjef må vere tydeleg på kva ein kan ta ansvar for dersom legevakt for innbyggjarane i Gulen vert lagt til Knarvik. Dersom Gulen går med i legevaktssamarbeidet kring NLV inneber det ikkje stadleg lege i Gulen kommune utanom opningstider til legekantora, heller ikkje utrykning på raud respons. Legevakta er avhengig av at pasient kjem til NLV i Knarvik.

Dette skil seg ikkje særleg frå andre delar av eksisterande legevakt-distrikt. Det er i utgangspunktet Gulen kommune sjølv ved kommuneoverlege, rådmann og kommunestyre og under tilsyn av statleg helsetilsyn som må ta avgjerd om pasienttryggleiken i legevaktordninga er god nok ved ei slik løysing.

Samhandlingsreforma vil ytterlegare forsterke behov for betra legetilgang etter at legekontora er stengde. Dette gjeld kanskje spesielt sjukeheimane våre.

Poenget om deltaking av legar i vaktordning og sikring av bemanning er viktig. Det er omtala som vilkår i utgreiinga frå rådmannen i Lindås at *"også allmennlegane i Gulen deltek i ordninga"*. Vi understrekar at dersom det er forventa at Gulen kommune skal bidra med 3 legar til vaktordninga så må det også forventast at dei andre kommunane i regionen stiller med om lag 40 legar i ordninga (innbyggjartalet i Gulen er ca 1/14 av innbyggjartalet i distriktet). Jmf ellers synspunkt om likeverdig deltaking i samarbeidet.

Endring av inretting på legevakt i regionen er avhengig av at alle kommunane er samd. Forhandlingar om vilkår må då gjennomførast slik at alle er delaktige i desse prosessane.

Samhandlingsreforma med endra forventningar til kommunane sine helse og omsorgstenester trer i kraft frå årsskiftet.

Saka bør ut frå dette utsetjast.

KONKLUSJON

Saka vert utsett.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	29.08.2011	019/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	08.09.2011	066/11	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr.: 11/525
----------------	---------------------

SAK 06/11 - KOMMUNEPLAN FOR MASFJORDEN 2011 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Finansiering

FUP-019/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommuneplan for Masfjorden kommune med alle dokumenta: Samfunnsdel, planskildring, plankart, føresegner og konsekvensutgreiing/Ros-analyse er gjennomgått og drøfta av planutvalet.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 29.08.2011:

Rådmann Lovisa Midtbø gjekk gjennom samfunnsdelen og orienterte om endringar som har blitt gjort etter drøfting gjennomgangen i kommunestyret den 28.06.2011. Mesteparten av endringane er no teke inn i planen.

Samfunnsdelen:

- Forordet er likt i alle kommuneplandokument. Det listar opp alle dokumenta i kommuneplanen som er:
 - Samfunnsdel
 - Planskildring
 - Plankart
 - Føresegner
 - Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Rådmann Lovisa Midtbø gikk gjennom samfunnsdelen kapittel for kapittel med høve for medlemmene i Fast utval for plansaker til å koma med merknader, innspel undervegs.

- Visjon – små endringar
- Kap 1: Bru over Masfjorden – vegen til vekst og utvikling (endra overskrift)
- Det er teke med viktige signal frå innbyggjarundersøkinga og teke inn areal til bustader i alle bygder
- Kap 3 Lokalsamfunnsutvikling – endringar på s. 21 og 21.
- Kultur - litt endring i overskrifta på Delmål 3 – å utarbeida bibliotekplan og kulturskuleplan er teke inn.
- Pleie og omsorgstenester- delmål 1 – tiltak:
Det vart stilt spørsmål om helse- og omsorgsplan for Masfjorden skulle vera eit grunnlag for utarbeiding av helse- og omsorgsplan for Nordhordland og Gulen.
- Kommunal eigedom:
Det vart spurd om 5 avsnitt trong vera med.

Vigdis Søvik spurde om punktet Tiltak under Vatn og avløp: Samarbeida med Gulen kommune om kapasitetsauke på Andvik vassverk måtte vera med. Søvik sa at det verkar som me ikkje rår over vassverket sjølv.

Ordførar svara at avtalen med Gulen skal reforhandlast dersom Gulen opprettheld si bestilling på meir vatn. Avtalen er ein dårleg avtale for Masfjorden, og gjeld i utgangspunktet til 2018 dersom han ikkje blir reforhandla.

Planskildring:

Forordet er identisk i alle dokumenta. Heile heftet med planskildring er nytt. Me har ikkje hatt det i kommuneplanen før.

Rådmann Lovisa Midtbø gikk i gjennom dokumentet.

Hovudpunkt:

- Bru over Masfjorden –vegen til vekst og utvikling
- S 47 Dispensasjonsinstituttet - rådmannen utgreidde grundig om tanken bak dette kapitlet.
Marit Steinestø spurde om det var tenkt prioritet av punkta som var nemnt.
Rådmannen svara at alle punkta var like viktige.

Det vart stilt spørsmål om det var kome nytt lovverk om hus nr 2 på garden og om dette er noko det kan gjerast unntak frå. Kan det gjera det vanskelegare for andre generasjon til å overta?

Rådmannen svara at det er viktig at dei unge får byggja hus på garden det er aktuelt for dei å overta.

- Rådmann Lovisa Midtbø synte til grafane om folketalsutviklinga (SSB sine prognosar) i planskildringa.

Det er no ei svært positiv utvikling i høve til då planprogrammet vart laga.

- Det vart orientert om strandsona som er gjennomgått i heile kommunen. Funksjonell strandsona er eit tema i verdikartet.
- Kjerneområde for landbruk er lagt inn i verdikartet. Statlege føresegner seier at kjerneområde for landbruk skal vera større samanhengande område. Tilleggsareala jfr. planutvalet, er ikkje lagt inn enno, men vil bli det dersom dei er med i det endelege vedtaket.
- På s. 18 og 19 i planskildringa vert synt dei ulike tema som skal inn i verdikartet. Dei områda på kartet som har høgst verdi har fått raud farge på kartet.
- Rasfare – steinras er lagt inn. Det er ikkje teke omsyn til snørås då me ikkje har hatt data på dette

- **Akvakultur**

Det vart spurd om lokaliteten Brimnes ligg inne i planen framleis.

Rådmannen svara at det gjer han ikkje.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss sa at det er berre dei fiskeområda som ligg på Fiskeridirektoratet sine sider som er lagt inn i planen.

Dei lokale fiskeplassane er ikkje offisielle register og dei er difor er ikkje dei lagt inn.

Nokre låg i førre kommuneplan, men er ikkje teke med no.

Sjå s. 22.

Arealdisponering:

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte.

Dette kapitlet er førebels ufullstendig då det var mykje arbeid med dette. Alle gjeldande reguleringsplanar må gåast igjennom.

Målet er å gå gjennom alle planane og laga eigen byggegrense mot sjø.

Ved motstrid er det kommuneplanen som overstyrer reguleringsplanane.

Reguleringsplanar for Byrkjeland og Kvamsleitet hytteområde vil rådmannen gjera framlegg om blir oppheva slik at det blir føresegner til kommuneplanen som vil gjelda innanfor kvart område.

Fagerbotn reguleringsplan skal gjelda fram til ny reguleringsplan blir vedteken.

Bustad:

Rafoss opplyste om at alt som er merka med grønt er kopiert frå gjeldande reguleringsplan. Alle bustadområde som ikkje har reguleringsplan skal listast opp.

Landbruk: s 34 og utover

Det som er teke med er klipt frå saka om kjerneområde for landbruk.

Hytter:

Det vert laga ei liste over hytteområde som ikkje er regulert.

Det skal leggest inn ny tekst i høve storleik på hytter og takvinkel.

Det vil no vera bruksareal og ikkje grunnflate som vert nytta ved avgrensinga av hyttestorleik.

Rådmannen tilrår 120 m² bruksareal. Begrepa grunnflate og hems går ut.

Naust, marina og friområde:

Naust har fått gul farge på kartet når dei er knytt til bustadhus.

Haugsvær – blir vidareført

Nr 11 i heftet er framlegg til nye fortetningsområde for naust

Liste over område som er teke ut av planen:

Elvik og Frøyset teke ut av planen. (enkelt innspel)

Det er krav om veg/parkeringsplass til naust, men ein kan få godkjent fortetting av naust i eit område.

Akvakultur:

Alle områda for akvakultur er gjennomgått og plassert på nytt i samråd med oppdrettarar, fylkeskommunen og fiskerirettleiar.

Oppdrettslokalitet Vikane er flytta

Oppdrettslokalitet i Hopslia er flytta (låg rett utanfor ein bade plass)

Oppdrettslokalitet i Skolmosen er vidareført

Oppdrettslokalitet Ak11 Duesund er snudd

Oppdrettslokalitet på Ådnekvamme – små justeringar

Oppdrettslokalitet i Bergsvika – små justeringar

Sjøarealet innanfor Barlingebotn er det berre Havforskningsinstituttet som skal disponera.

I siste kapittel skal det skrivast og knytast saman med arealdelen.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om korleis heftet Konsekvensutgreiing/sårbarheitsanalyse var oppbygd.

Planutvalet ba om at alle høyringsuttalane vart sendt ut på nytt, sidan det var komen fleire uttalar sidan siste gjennomgang.

Ordførar konkluderte om den vidare prosessen med kommuneplanen:

Den 8. september vert det eit arbeidsmøte for kommunestyret på kommuneplanen. Det vert sannsynlegvis eit formannskapsmøte i forkant.

Kommuneplanen vert handsama 29. september i kommunestyret før den blir lagt ut til offentleg høyring.

Oversikt over utsending av dokumenta til kommunestyremedlemmane:

- Samfunnsdel
- Konsekvensutgreiing - Risikoanalysen vert sendt ut slik som den ligg føre.
- Planskildring (nøkkeldokument) vert sendt ut slik den ligg føre.
- Plankart - fredag
- Føresegner - fredag
- Høyringsuttalane

Sakspapira blir sendt ut til kommunestyret i to omgangar. Dokumenta som er ferdige kan sendast ut så snart som mogleg. Resten av dokumenta vert sendt ut/levert med treskoposten på fredag.

KS-066/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Gjennomgangen av kommuneplandokumenta vart tatt til orientering. Kommuneplanen vil bli vedteken for utlegging til offentleg ettersyn den 29. september.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka og korleis ein hadde tenkt gjennomgangen av dokumenta.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om dei usendte dokumenta som kommunestyret hadde fått tilsendt:

- Innspela til kommuneplanen
- Konsekvensanalyse og Rosanalyse
- Samfunnsdelen
- Planskildring
- Føresegner
- Verdikart og arealplankart

Orientering v/Lovisa Midtbø med gjennomgang av forarbeidet til kommuneplanen:

Det vart delt ut eit hefte på dette med orientering om:

- Samfunnsdelen
- Plangrunnlag
- Prosess
- Innbyggerundersøkinga
- Folketalet veks no
- Store endringar i framtidsperspektivet
- Pendling
- Ein kommune me er stolte av
- Bru over Masfjorden – vegen til vekst og utvikling
- Folketalsauke og næringsutvikling
- Samfunnstryggleik og beredskap – energi og klima – folkehelse
- Kvalitet og kompetanse
- Kommunale tenester
- Bru over Masfjorden vegen til vekst og utvikling

Marit Steinestø, KrF, tok opp om innspel frå Kristen Solheim som ikkje var kome med i heftet med alle innspela.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte og sa at utlysing av rullering av kommuneplanen gjekk ut i 2009. Det er viktig at me no vert ferdig med kommuneplanen. Innspelet frå Kristen Solheim var ført på ei anna sak og var difor ikkje med i heftet med alle innspela, men innspelet på bustadtomtar er teke inn, men ikkje naust.

Vigdis Søvik, Sp, etterlyste og innspel om innseglinga til Frøyset som skal ha vore innsendt for ca 1 år sidan.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø svara at dette blir teke med i reguleringsplanen for Risnes.

Orientering/presentasjon av kommuneplanen v/rådgjevar Anne Kristin Rafoss:

Det vart orientert om kva kriteria som låg til grunn for innspela som var lagt inn i planen.

Det vart og delt ut eit hefte som vil bli lagt ved møteboka som vedlegg.

Dette vart gjennomgått:

- **Funksjonell strandsone**
- **Temakart – verdikort**
- **Konsekvensutgreiing og ROS**
- **Oppdrettslokalitetar**
 - alle lokalitetane vart gjennomgått. Innanfor Bergsvik skal det ikkje vera noko anna enn forskningsaktivitetar
 - 7 lokalitetar er teke ut av kommuneplanen
- **Småbåthamn**
- **Byggeområde for bustader**
- **Byggområde for næring**

Kommunestyremedlemmene kom med spørsmål undervegs.

Marit Steinestø, KrF, stilte spørsmål om å vidareføra dei lokale fiskeplassane som ligg i gjeldande kommuneplan.

Det vart drøfting omkring dette.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø sa at det er mogeleg å leggja områda inn i verdikartet slik at dei blir synlege. Det er eit politisk val om ein vil leggja dei inn i kommuneplankartet som er juridisk bindande.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om område på Hosteland for fleirbrukshall skulle vore teke med i samfunnsdelen.

Midtbø svara at dette ligg inne i arealdelen. Midtbø gjekk til slutt gjennom heftet med Konsekvensutgreiing og Rosanalyse.

Ordførar Håkon Matre opplyste om at dersom nokon hadde endringsframlegg til planen måtte dei setjast fram i kommunestyret den 29. september.

Matre spurde om kommunestyret såg behov for at kommuneplanen skulle gjennomgåast i planutvalet den 22. september før møte i kommunestyret den 29. september.

Det vart drøfting på korleis møtet den 29. september skulle leggest opp.

Frode Haugsvær spurde om ikkje gruppeleiarane kunne ha eit fellesmøte om kommuneplanen før kommunestyret.

Ordførar Håkon Matre orienterte om møta utover hausten.

Det vart semje om at gruppeleiarane skal møtast den 19. september for å gå gjennom kommuneplanen.

SAKSTILFANG:

Verdikart - vedlagt
Konsekvensutgreiing og Ros – vedlagt
Planskildring – ettersendast
Arealplankart – ettersendast
Revidert samfunnsdel - ettersendast

SAKSUTGREIING:

KONKLUSJON

Saka vert lagt fram for planutvalet utan saksutgreiing.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.09.2011	067/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/537
-----------	---------------------

SAK 067/11 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/2781	I	24.06.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Skatt på eige og inntekt pr 31. mai 2011
2	11/2783	I	24.06.2011	NGIR	Frammøte i NGIR sitt representantskapsmøte
3	11/3261	U	03.08.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Masfjorden kommune
4	11/3259	I	29.07.2011	NGIR	Endring av NGIR sine vedtekter/selskapsavtale
5	11/3273	I	01.08.2011	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 20.06.11
6	11/3272	I	30.05.2011	NGIR	Referat frå representantskapsmøte i NGIR den 30.05.11
7	11/3278	I	05.07.2011	Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Protokoll frå generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS den 06. juni 2011
8	11/3279	I	05.07.2011	Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Årsrekneskap 2010 for Gulen og Masfjorden Utvikling AS
9	11/3332	I	10.08.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Tilbakemelding - Masfjorden - Tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-067/11 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.09.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om skriv og meldingar.

Spørsmål:

Willy Borge, Frp, stilte spørsmål om Solheimsneset bustadfelt der det etter det han har høyrte har vorte selt eit par bustadtomtar som blir brukt som fritidseigedomar.

Borge ber om at rådmannen tek kontakt med dei dette gjeld og gjera dei merksam på at eigedomane er bustadtomtar i subsidierte felt. Borge synte til vedtak gjort av kommunestyret i 2006, sak 46/06. Han minna og om at kommunen hadde hjelp av ein advokat før handsaming av saka i 2006.

Marit Steinestø, KrF, bed administrasjonen om tilbakemelding om bru over Masfjorden og status for kor langt saka er komen.

Steinestø sa seg og samd i det som Borge tok opp om Solheimsneset bustadfelt og at to hus blir brukt som fritidseigedomar. Steinestø ba om at regelverket blir fylgd opp når det gjeld tomtar som blir kjøpt som næringsareal.

Liv Oda Dale, Ap, stilte spørsmål i høve invitasjon som skal vera sendt ut til næringsdrivande på Hosteland frå GMU om å etablere seg i det nye næringsbygget i Sløvåg.

Dale syner til at det var stilt spørsmål om dette i formannskapet den 29.08.11.

Dale be ordførar om svar på dette i kommunestyret i dag.

Dale stilte og spørsmål om status for saka om bru over Masfjorden.

Vigdis Søvik, Sp, refererte til Borge og Steinestø sitt spørsmål om bustadtomtar som vert brukt som fritidsføremaal på Solheimsneset. Søvik oppfattar det slik i vedtaket som var gjort i K-sak 46/06 at det var tiltak i samsvar med plan- og bygningslova som kunne setjast i verk i slike høve der tomtekjøpar ikkje overheldt det som sto i kjøpeavtalen som føresetnad for kjøpet.

Svar frå ordførar Håkon Matre:

Tomtar i Solheimesneset:

Det vil vera naturleg å be om klargjering frå dei det gjeld om kva planar dei har. Når nokon har kjøpt bustadtomt som er regulert til det føremålet må det søkjast om bruksendring viss dei skal bruka det til fritidsbruk. Det er viktig å få dette i system, og det er arbeid i gong i administrasjonen for å få klårlagt situasjonen.

Svar på spørsmål frå Ap om GMU:

Ordførar Håkon Matre viste til drøftinga om dette i formannskapet og sa at det vil føreliggja ei avklaring til formannskapsmøtet den 22. september.

Ragnvald Tangedal, Ap, sa at han forstår at folk er frustrert over at næringsdrivande i Masfjorden blir lokka til å etablere seg i Sløvåg. Det er viktig å verna om det næringslivet me har i Masfjorden.

Liv Oda Dale, Ap, sa seg samd med Tangedal. Intensjonen med å vera med i GMU er at det skal skje næringsutvikling både i Gulen og Masfjorden. Det kan ikkje vera interessant for Masfjorden kommune å finansiera GMU dersom det ikkje skal skje utvikling i Masfjorden.

Vigdis Søvik, Sp, sa at dette er ei vanskeleg sak å takla for oss politikarar. Forstår ikkje at det skal vera så vanskeleg å framskaffa den invitasjonen som var sendt ut til næringsdrivande i Nordbygda. I Hostelandsgruppa har me jobba for å få etablert service og sal. Det er ikkje lett å forsvara medlemskapet vårt i GMU når slikt skjer. Ser fram til at kommunestyret skal få denne avklaringa på kva som har skjedd her.

Marit Steinestø, KrF, sa det er viktig å ha nært samarbeid med GMU. Me må få klarheit i kva som har skjedd her å sikra at slike ting ikkje skjer igjen.

Svar på spørsmål om status for Bru over Masfjorden:

Status: Bruavdelinga i Vegdirektoratet har saka no. Skulle vore klart frå dei i første del av juni, men er no tidfesta til september. Skal vera klart frå dei i løpet av september. Håpet har vore å kunna behandla brusaka det i sitjande fylkestinget, men det kan bli vanskeleg.

Willy Borge, Frp, spurde om eit anna vegprosjekt, den såkalla Gullvegen ved Radøy-Meland-Askøy og korleis vårt brusjekt vil koma opp mot det.

Liv Oda Dala, Ap, sa at det sitjande fylkesting sin intensjon i høve tildeling av konsesjonskraftmidlar at neste gong er det Nordhordland sin tur.

Frode Langhelle, H, spurde om det er gjort prinsippvedtak på at konsesjonskraftmidlane no skal brukast i Nordhordland?

Ordførar Håkon Matre svara at det ikkje ligg føre noko prinsippvedtak enno. Det er berre eitt møte igjen i det sitjande fylkestinget og det er 18. oktober.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om det var slik bruk av konsesjonskraftmidlar skal oppatt i fylkestinget til handsaming i 2013.

Ordfører Håkon Matre sa at det då må gjerast eit nytt prinsippvedtak. Avsetjingane til Hardangerbrua og Jondalstunnelen vil då vera gjennomførde.

Munnlege orienteringar v/spesialrådgjevar Lovisa Midtbø:

Næringsbygg på Matre:

Det etablert eit selskap for å bygga næringsbygg i Sløvåg, og det er arbeid i gong for eit tilsvarande selskap for næringsbygget på Matre.

Me har fått teikna eit næringsbygg og tomten er klar.

BKK er interessert i å leiga areal i næringsbygg på Matre i 4 år og Masfjorden kommune treng ny brannstasjon.

Marit Steinestø, KrF, spurde om ikkje Stordalen Utvikling hadde vore spurd om å vera med på eit slikt prosjekt?

Frode Langhelle, H, sa at det er viktig med kontinuitet i næringslivsarbeid. For å få realisert eit næringsbygg er det viktig å ha leigetakarar.

Orientering om utleigebustader på Matre:

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø orienterte om status for utleigebustader Matre.

Ho sa at Stordalen utvikling v/Bjørnar Vik jobbar med planane. Prospekt til BKK og Masfjorden kommune.

Ho sa at når private skal bygga og leiga ut bustader blir prisane ein god del høgare enn når kommunen leiger ut. Det vil bli ca 10.000 i leige for dei største husværa.

Så lenge kommunen tek lågare husleige enn det som private må ha i leige for å dekkja inn sine kostnader, så er det ikkje lett for private å bygga utleigebustader. Dette er ting som kommunen må tenkja på når me skal justera husleigene på kommunale hus.

Andre orienteringar:

Ordfører gjekk gjennom skriv og meldingar.

Orientering om skredsamarbeid v/Anne Kristin Rafoss

Masfjorden kan kanskje få 70 000 kroner dersom vi har skredprosjekt å bruka dei på. Me har spelt inn geolograpport for Andvik. Dersom dette vert aktuelt kjem det sak til formannskapet den 22. september.

Feltarbeid med Sandnesplanen startar opp i morgon 10.09.11 med synfaring Norconcult og vegvesenet.

Willy Borge, Frp, oppmoda kommunen om å ta kontakt med vegvesenet for å få redusert 60 sona på Hostelnd og å få laga gangfelt over vegen ved skulen.

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 08.09.2011 vert vitna:

Håkon Matre
Ordfører

Ragnvald Tangedal
Vara til kommunestyret

Marit Steinestø
kommunestyremedlem